

Til:

Arve A Haugland
Ingrid Marie Særheim
Johannes Fjermestad
Martin R Hodne
Martin V Bjorland
Oskar Vigre
Pia Flåten
Serina Pollestad
Thomas Torland

Dykkar ref.

Vår ref.

18/29909 TRHE

Arkivkode

035 A20

Dato

17.09.2018

Referat elevråd 13.09.18

Dato:13.09.2018

Stad:Elevrådsrom, Bø skule

Desse møtte: Alle

Saker:**04/ 18/ 19: Fordelinga av banene:**

Vi fordelte banane på nytt, for å få ei best mogleg fordeling av tid på fotballbanen og ballbingen. Vi prøvde å ta omsyn til når trinna liker å spele og kva tider det ikkje passar å ha banane. Det er mange omsyn å ta, og det er vanskeleg å gjere alle elevane nøgde. Men det bør vere greit no.

Vi skal få hengt opp laminerte oppsett ute ved banane. trinna heng og opp godt synleg i basane, gjerne i vindauga så ein kan sjå utanfrå. Nokre representantar fortel om ein del krangel på kva aktivitet trinnet skal ha på banen (fotball/ slåball eller fotball/ basket). Her kan trinnet bestemme dette, ha ein fast plan på det. Trinn kan og oppleve at andre trinn prøver å lure frå dei banen når det er dei som har den. Det er sjølvstekt heller ikkje fint. Vi satsar på at nye oppsett med god fordeling skapar god stemning og aktivitet!

08/ 18/ 19: Eventuelt:

-Frukt i midttimen: 5. har no byrja å bere med korga med frukt opp etter mat. Dei kan velje å ta frukta med ein gong eller vente til neste friminutt.

-Ønske om rist ved sykkelparkering 5.- 7. trinn. Nokre elevar har opplevd at sykkeldekket punkterer når dei sykklar over kanten ved vassrenna. Det er ikkje aktuelt å gjere noko med det, renna skal vere open. Elevane må løfte sykkelen over.

-Kantina: ønske om leverpostei og fiskepudding kvar dag. Det er og ønske om meir kneippbrød. Ina tar desse sakene vidare med Ruby. Det vart og tatt opp om det er mogleg å få varm mat og brunost oftare. Det vart tatt opp i fjor. Svaret frå Ruby var då at ho og håper på å kunne ha varm mat ein gong i veka, men det vert ikkje enda. Brunost inneheld mykje sukker, og er derfor pålegg ein berre har ein gong i veka. Det er likt med syltetøy.

Postadresse:

Vålandsvegen 4
4365 Nærbø

Kontoradresse:

Vålandsvegen 4
4365 Nærbø

Internett:

www.ha.no/bo
post.bo.skule@ha.kommune.no

Telefon:

51 79 13 50

Org.nr.

964 969 590

Det er ein del graps på golvet i kantina, både der ein skal gå og under borda. Det er ekkelt, spesielt når ein tråkker i noko vått og sleipt på sokkelesten! Vi vil minne alle på at ein sjøl må plukke opp og tørke opp om ein søler mat eller drikke. Ta ansvar!

-Det kom ønske frå 6. trinn om å male opp paradiset i skulegarden utanfor dei eldste trinna. Ina tar saka vidare. Når det gjeld dissen, så er dei plasserte utanfor dei yngste trinna, men alle elevar kan bruke dei.

Med helsing
Hå kommune

Trine Hess
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur